

NORGES BONDELAG



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO
Norge

Vår saksbehandler
Are H. Braaten
+47 986 64 231

Vår dato
16.04.2018
Deres dato

Vår referanse
18/00197-2
Deres referanse

Høyringsvar ny 420 kV kraftledning Lyse-Fagrafjell

Rogaland er landets største jordbruksfylke, med 10% av jordbruksareala og 25% av husdyra. Jorda i Rogaland er blant landets beste matjord. Jordbruket, saman med tilknytte næringar innan bl.a foredling av bondens produkt, sysselsette over 10 000 menneskjer, har ein netto verdiskaping på over 5,3 milliardar. Straumtraseen går igjennom viktige husdyrområde, med utbreidd bruk av innmarks- og utmarksbeite, samt dyrka mark som nyttast til grasproduksjon.

Ved konstruksjon av kraftlinja:

Me viser til dyrevelferdslova, som seier at dyra skal skånast for unødige lidningar. Dette kan oppstå i forbindelse konstruksjonen av kraftlinja, ved blant anna bråk og søppel. Med forebyggande tiltak kan dyrelidningar unngås.

Det er svært nødvendig at all bruk av helikopter og anna motorisert ferdsel i beiteområde gjerest på ein skånsam måte. Når dyra ikkje er vande med bråk frå ukjent maskineri forårsakar dette unødige stress og flukt, som fører til skadar på dyra. Me ber om at det blir utført ein gradvis introduksjon av bråkete motorar i beiteperioden. Dette er spesielt viktig på vårparten og tidleg sumar, då lam og kalvar er ekstra sårbare.

Metall i beite- og dyrka mark fører til ein stor utfordring for husdyrnæringa. I dyrka mark hamner metallbitar, som spiker, aluminiumsboksar og liknande lett i føret, der de risikera å bli eten. Dette fører til store lidningar og avliving. På beitemark fører metallbitar til klauv- og fotskader når dyra trækker på dem. Det er svært viktig for beitenæringa at man rydde opp i spiker og anna avfall i beite og dyrka mark under og etter konstruksjonsprosessen. Ein praktisk løysing kan vere bruk av presenning til å fange opp mindre bitar, eller nytte metalldetektor til å leite opp metall på avvege.

Jordvern:

Me visar til Stortingets jordvernsmål, om å redusera nedbygging av dyrka og dyrkbar mark til under 4000 dekar i året. I Rogaland, med 10% av jordbruksareala i landet, utgjør dette 400 dekar. I planen er det foreslått å byggje transformatorstasjonen på Fagrafjell som eit

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:
Boks 278, Sentrum
4002 STAVANGER
Rogaland Bondelag (intern)
Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse:
Sandvikveien 21
4016 STAVANGER
Org.nr.: 939678670
Org.nr.: 985063001 MVA

Telefon:
51887270

Bankkonto: 8101.05.12891
Bankkonto 8101.05. 91392

E-postadresse:
rogaland@bondelaget.no

Internett:
<http://www.bondelaget.no/rogaland/>

Vår dato
16.04.2018

Vår referanse
18/00197-2

daganlegg. Dette legg beslag på 403 dekar, altså meir enn det Stortingets jordvernmål legg opp til. I tillegg vil det komme fleire anleggsvegar i forbindelse med bygging av linja, både i forbindelse med transformatorstasjonen og for konstruksjonen av linja. Med tanke på areala som går tapt i dette prosjektet, er det viktig at man tar grep for å redusere arealnedbygginga.

Permanente anleggsvegar må i størst mogleg grad leggjast av dyrka og dyrkbar mark, for å redusere tapet av jord.

Av jordvernomsyn må mastene i størst mogleg grad bli plassert på uproduktive areal.

Jordflytting – ved bygging av permanente vegar og mastar på dyrka eller dyrkbar mark, må matjorda flyttast. Der det byggast mellombelse veier må jorda behandlast skånsamt slik at den kan tilbakeførast til matproduksjon.

Av omsyn til jordas kvalitet bør bruk av tungt maskineri på dyrka jord avgrensast. Det er mogleg å gjer tiltak som skånar jorda, som for eksempel bruk av metallplater som maskinane køyre på i steden for rett på jorda. Då spreier man vekta til anleggsmaskinen og unngår unødig jordpressing.

Ved bygging av veg og mast på dyrka mark må bygginga tilta etter hausting, ikkje under vekstperioden.

Angående vidare trasse:

Det er manglar i utredninga om kor straumen skal vidare frå transformatorstasjonen Fagrafjell. Straumen skal i hovudsak vidare til Nord-Jæren, men det er ikkje nemnt korleis det planleggjast å frakte straumen dit. Dette området er enten tett bygd eller aktivt jordbruksareal, og området er krevjande å byggje i.

Me ber om vidare utgreiing for korleis det planleggjast å få straumen til sluttmålet på Nord-Jæren, og korleis dette skal gjerast utifrå jordvern og straumsikkerheit.

Samling av linjer:

Det er ein betydeleg belastning for jordbruket når det går fleire trasear i same område, så å seie parallelt. Fleire bønder opplever betydelege belastningar når dei må forhalda seg til fleire kraftlinjer. Ein samling av desse linjene i ein felles trasse er dermed ynskjeleg, når linjene er i same område.

I same tråd må gamle straumlinjer som ikkje er i bruk, og som ikkje planleggjast å tas i bruk i den nære framtid, fjernast. Ubrukte linjer bandlegg framleis området for fleire jordbruksrelaterte aktivitetar, sjølv om linja ikkje førar straum. Gamle linjer må fjernast, og jorda tilbakeførast bonden, utan vederlag.

Rogaland Bondelag ynskjer å avgrense omfanget av bandlegging av jordbruksareal. Kraftlinjer, og bandlegginga de fører til, skapar ulemper for bøndene som har linjene på si jord. Bonden får utfordringar med bl.a gjødselkanon. Framtidas jordbruk anar me så vidt konturane av i dag. På mellombels sikt ser me for oss ein auka bruk av dronar, til blant

Vår dato
16.04.2018

Vår referanse
18/00197-2

anna oppsyn av dyr på beite. Me fryktar at kraftkabler vil skape utfordringar for slik bruk av dronar.

For å redusere omfanget av bandlagt areal, ynskjer me at traseane og kraftlinjene samlast der det er mogleg, og at det ikkje er fleire parallelle trasear i same område.

Sikkerheit:

Rogaland Bondelag er bekymra for at sikkerheitsaspektet ikkje er godt nok utgreidd. Straumsikkerheit er viktig for jordbruket, og er ein av hovudårsakane til at ein ynskje denne utbygginga. Me er bekymra for at ved ein samla trasse av kablar til Nord-Jæren, som leverer heile straumforsyninga til området, vil føre til nedsett straumsikkerheit. Av sikkerheitstilsyn bør me ha fleire trasear med straum inn til Stavanger – og alle kan ikkje komme frå same retning.

Med hilsen

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Olav Sande
Organisasjonssjef

Are H. Braaten
Rådgjevar

Kopi til:

Vår dato
16.04.2018

Vår referanse
18/00197-2

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Olje- og energidepartementet		Postboks 8148 Dep	0033 OSLO